

Sjekkliste for Helse i plan etter STILBO-prinsippet

Sjekkliste Helse i plan etter **STILBO**-prinsippet

Til grunn for planarbeidet bør kommunane kartlegge status for folkehelsearbeidet. Utforming av ein folkehelseprofil tufta på bruk av ulike verktøy (Kommunehelseprofil, Levekårsindeksen, KOSTRA osv.) vil vere ein føremålstenleg måte å starte på. Å kartlegge folkehelsekompetansen i kommunen er også eit viktig grep i dette arbeidet.

Å starte med ei kartlegging av helsesituasjonen i kommunen er eit svært godt grunnlag for å kunne lage gode planar og setje i verk relevante tiltak som kan fremje folkehelsa. Det må fokuserast på folkehelsekonsekvensar i all planlegging og saksbehandling, og leiarar i ulike etatar og resultatiningar må kvittere for folkehelseaktivitet.

Å lage ei sjekkliste for helseperspektiv i kommunen sitt kontinuerlege planarbeid er krevjande, fordi det meste som skjer har konsekvensar for helsa. Men ut frå internasjonal forskning og erfaring i folkehelsearbeidet, er det likevel nokre viktige element som peikar seg ut.

Lista nedanfor har henta inspirasjon frå sjekkliste for "Helse og Miljøkommunar", Sjekkliste frå Vestfold fylkeskommune, samt erfaringar frå Helse i planprosjektet i Møre og Romsdal. Lista inneheld ei oversikt over faktorar som påverkar helsa i befolkninga, og som kan bli berørt av planlegginga i kommunen. Både planar for arealbruk, temaplanar og verksemdsplanar påverkar desse føresetnadene. Vi har valt å kalle lista for planlegging etter STILBO-prinsippet, som står for:

Status
Tryggleik
Inkludering
Livsgrunnlag
Bevegelse
Oppleving

Korleis vil plangrepet som er tenkt gjennomført påverke desse faktorane:

Status – Verdsetting – Identitet

- ✓ Innbyggjarstatus – oppleving av å bli verdsette som innbyggjar
- ✓ Områdestatus – slum eller attraktivt område?
- ✓ Levekårsutvikling i kommunen
- ✓ Tilknytning , begeistring og identitet
- ✓ Grad av medverknad og oppleving av å bli høyrd
- ✓ Prisutvikling
- ✓ Bulyst /Rekruttering/Trivsel

Tryggleik

- ✓ Risiko for ulukker
- ✓ Gatelys og lysforhold
- ✓ Trafikkrisiko
- ✓ Kriminalitet , vald og rusutvikling
- ✓ Beredskapsforhold for politi – brann – helse

Inkludering

- ✓ Tilgang til sosiale møteplassar for alle befolkningsgrupper i området
- ✓ Universell utforming
- ✓ Omsyn til innvandrarar og utsette grupper
- ✓ Oppfølging av bustad sosial handlingsplan
- ✓ Utjamning av sosial og økonomisk ulikskap/fattigdom
- ✓ Grad av inkluderingsevne i arbeidsliv og fritid
- ✓ Heilskaplege og gjennomgåande transportnett for alle grupper
 - Gåande
 - Syklande
 - Kollektivtilbod
 - Privatbilisme
 - Nyttetransport
- ✓ Konsekvensar for tilgang til helse- og omsorgstenester



Livsgrunnlag

- ✓ Arbeidsplassar og næringsverksemd
- ✓ Kompetansenivå hos tilsette
- ✓ Skuledekning – og gjennomføring av skulegang
- ✓ Barnehagedekning
- ✓ Miljøkonsekvensar – luft, vatn, støy, naturomsyn
- ✓ Omsorgskapasitet
- ✓ Renovasjon – smittefare – forureining
- ✓ Matforsyning og kvalitet på kosthald
- ✓ Konsekvensar for ruspolitikk og reduksjon av tobakk

Bevegelse/Rørsle


- ✓ Mangfald av opparbeidde turstiar og rekreasjonsområde i nær-områda med god tilgjenge for alle grupper
- ✓ Tilrettelegging for allsidig friluftsliv
- ✓ Parkering og skilting for friluftslivet

- ✓ Leikeplassar – kvalitet på ute-område for skule og barnehagar
- ✓ Mangfaldig tilbod av aktivitets- og idrettsanlegg
- ✓ Høve for å gå/sykle til:
 - Innkjøp
 - Besøk i nærmiljøet
 - Offentlege kontor
- ✓ Oppnåing av målsettingar i kommunen for prosent av innbyggjarane som går/syklar/nyttar kollektivtilbod til skule/ arbeid

Oppliving og framdrift

- ✓ Konsekvensar for tettstad og bygdeutvikling
- ✓ Høve for allsidig kulturtilbod og opplevingar
- ✓ Arbeidsvilkår for frivillige lag og organisasjonar
- ✓ Potensial for utvikling, læring og nyskaping
- ✓ Grobotn for kreativitet og framtidstru
- ✓ Estetikk og skjøtsel av omgivnader



A photograph of two children, a girl and a boy, crouching on large, dark, mossy rocks by a tide pool. The girl on the left is wearing a blue tank top and denim shorts, while the boy on the right is wearing a light blue long-sleeved shirt and pink shoes. They are both looking down at something in the water. The background shows a modern building with a grey facade and a grassy area. The water in the tide pool is clear, reflecting the children and the surrounding environment.

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00
E-post: post@mrfylke.no
www.mrfylke.no